



KARMØY KOMMUNE
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar
Nono Dimby, 51568978

Ny tildeling tilskot til SMIL og drenering 2023

Vi viser til kommunane sine søknadar på innmelde behov for ekstra tildeling av SMIL- og tilskot til drenering.

SMIL

Disponible SMIL-midlar til fordeling er på kr 3,72 millionar. 11 kommunar søkte om ekstra tildeling på til saman 3,33 millionar og denne tildelinga er i samsvar med kommunane sine innmeldte behov. Resterande disponible SMIL-midlar på kr 390 000,- blir prioritert tildelt fortløpande til kommunar som har søknadar på ureiningstiltak, - og på dekke over eksisterande utvendig gjødsellager.

Tildeling

Kommune	SMIL	Drenering
Haugesund	250 000	-
Hjelmeland	300 000	-
Hå	602 651	-
Karmøy	100 000	-
Klepp	100 000	-
Kvitsøy	130 000	-

Kommune	SMIL	Drenering
Stavanger	800 000	-
Strand	350 000	-
Suldal	250 000	-
Time	300 000	-
Tysvær	150 000	100 000
Utsira		150 000

Målet for SMIL-løyvingar til ureiningstiltak i Rogaland for 2023 er på 35%.

Til nå utgjør løyvingane 15%. Vedlikehald av reinseparkar er eit satsingsområde i Rogaland også for 2023. Statsforvaltaren finn det riktig at kommunane sett ein sats etter eigen SMIL-strategi ut frå budsjettert kostnadsnivå for vedlikehald av reinseparkar.

Vi oppmodar kommunane til å

1. oppmode bønder til å søkja SMIL på ureiningstiltak
2. nytte skjønn for budsjetterte kostnadar i reinseparkar.
3. prioritere søknadar på ureiningstiltak



Tilskot til drenering

Disponibel ramme for tildeling er på kr 3 millionar. To kommunar søkte til saman kr 250 000,- i ekstra tildeling av dreneringstilskot. Statsforvaltaren håper at auken i tilskot til drenering får fleire bønder til å søkja på dreneringstiltak. Vi tildeler fortløpande ekstra dreneringsmidlar til kommunar med behov for meir tilskot.

Tilskotssatsane for dreneringstiltak er frå 01.07.2023 endra til

- kr 4 000,- per dekar og
- kr 61,- per meter grøft, avgrensa til maksimalt kr 4 000,- kroner per dekar.

Merk:

Søkjarar som tidlegare har fått innvilga dreneringstilskot etter gamle satsar **og ikkje starta arbeidet**, kan trekke gamal søknad og **sende ny søknad etter 01.07.2023**. Kommunen må da inndra tidlegare innvilga tilskot (avslutte den gamle saken i Agros) og fatte eit nytt vedtak om løyving av dreneringstilskot.

Rapportering 2022 og budsjett 2023

01. september 2023 er fristen kommunane har for å sende inn rapport 2023 (prognose for bruk av midlane ut 2023) og budsjett 2024 til Statsforvaltaren. Rapporteringsskjema blir sendt ut innan slutten av juni 2023.

Tilrådingar

- Vedtak om tildeling av tilskot til SMIL og drenering bør vere utført innan 10. november 2023.
- Av omsyn til at kommunane får det travelt med produksjonstilskot og RMP frå 15. oktober er vår tilråding å handsame mest mogleg av tilskot til SMIL og drenering før 15. oktober.

Lukke til med arbeidet.

Med helsing

Geir Skadberg (e.f.)
landbruksdirektør

Nono Dimby
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

SANDNES KOMMUNE

Postboks 583

4302

SANDNES

Adresseliste:

HAUGESUND KOMMUNE

Postboks 2160

5504

HAUGESUND

HJELMELAND KOMMUNE

Vågavegen 116

4130

HJELMELAND

HÅ KOMMUNE

Rådhusgata 8

4360

VARHAUG

KARMØY KOMMUNE

Postboks 167

4291

KOPERVIK

KLEPP KOMMUNE

Postboks 25

4358

KLEPPE

KVITSØY KOMMUNE

Kommunehusveien 6

4180

KVITSØY

STAVANGER KOMMUNE

Postboks 8001

4068

STAVANGER

STRAND KOMMUNE

Postboks 115

4126

JØRPELAND

SULDAL KOMMUNE

Eidsvegen 7

4230

SAND

TIME KOMMUNE

Postboks 38

4349

BRYNE

TYSVÆR KOMMUNE

Postboks 94

5575

AKSDAL

UTSIRA KOMMUNE

Postboks 63

5547

UTSIRA